



Vang kommune

Vang kommune si hovudmålsetting for Tyinkrysset er å leggje til rette for at området kan utvikle seg til å bli ein stor, heilårs reiselivsdestinasjon.

# Tyinkrysset

KOMMUNEDELPLAN  
|Konsekvensutgreiing|





Til sluttbehandling, plan-ID:2015003



# Tyinkrysset

KOMMUNEDELPLAN

| Konsekvensutgreiing |

Til sluttbehandling, plan-ID:2015003

Plan-ID: 2015003

---

Sist revidert: 27. februar 2019

Framsidefoto: Skikøyring frå Skørsnøse © Lars Østbye Hemsing



## 0. Samandrag

Planforslaget legg opp til utvikling av nye områdar. Ein del av desse er regulert i eksisterande kommunedelplan, men er ikkje utvikla. Andre utviklingsområder er regulert gjennom eksisterande reguleringsplaner, men desse er føreslegen oppheva av ulike årsaker.

Planforslaget legg opp til at eksisterande fritidsbustader innafor utviklingområde kan moderniserast. Desse har tidligare vore regulert gjennom ulike reguleringsplaner frå ulike tidsperiodar. Totalt legg planforslaget opp til å regulere rundt 350 fritidsbustader direkte gjennom kommunedelplanen. Dette er fritidsbustader som tidligare ikkje har vore regulert, eller som ligg i områder der eksisterande reguleringsplan vert vurdert til å ikkje vere i tråd med dagens ynskjer til slike tomter. Ein del eksisterande bygg/tomtar er i konflikt med skredfare, kulturminnar eller støysonar, og må avklarast før modernisering/utvikling. Det vert lagt til grunn at ein nyttar preksepterte krav frå gjeldande lovverk ved behandling av nye tiltak. Vidare ligg ein del eksisterande fritidsbustader innafor kulturmiljøar. Ein må sjå til at modernisering av desse ikkje får ein negativ verknad på kulturmiljøet.

Konsekvensutgreiinga syner at kulturminner, ny kunnskap om skredfare og intern infrastruktur må vurderast nærrare ved detaljregulering. Eksisterande tilkomstvegar må vurderast ved regulering av nye utviklingsområder for å sikre at desse er dimesjonert for bruken. Det er kort avstand til eksisterande infrastruktur (døme: vatn- og avlaupsanlegg og straumliner), men planforslaget krev at ein ser utviding av vatn- og avlaupsnett i samanheng med utviklingsområdane.

Utgreiinga syner ingen store konflikter med arter av nasjonal interesse, men ein må ta omsyn til landskapsrom, fjernverknad, landskapsinngrep og naturressursar. Dette gjeld særskilt de høgareliggende utviklingsområdane og sentrumsområde. Grønstrukturar må vurderast ved detaljregulernig, og ein bør legge til rette for samanhengande grøntkorridorar der det er høve for dette. Landskapsinngrep må vurderast ved detaljregulering, og det vert lagt til grunn at detaljreguleringa legg desse inngrepa til naturlige trasear i landskapet.

Fjernverknad av planforslaget vert sterkt redusert av at området er ein del av eit lukka landskapsrom, og at utviklingsområdane forutan topp-punkt for heis under siktliner frå områder utanfor planområdet.

Sist legg planforslaget opp til eit betre tenstetilbod i området, samt utvida høve for næringsutvikling. Dette vil gje ein positiv konsekvens for området, og planforslaget legg opp til ein heilskapeleg utvikling med utgangspunkt i eksisterande infrastruktur og bebyggelse.



## Innhald

Samandrag.....	4
Innhald.....	5
<b>1. Bakgrunn og metode .....</b>	<b>6</b>
1.1    Bakgrunn .....	6
1.2    Geografisk avgrensing .....	6
<b>2. Vurdering av dei nye utbyggingsområda.....</b>	<b>5</b>
2.1    Opdalstølen .....	5
2.2    Høgset.....	7
2.3    Tyinvegen .....	9
2.4    Kølabrune .....	11
2.5    Sentrum .....	13
2.6    Fløgstrøndsfjorden sør .....	15
2.7    Flogstrøndfjorden nord .....	17
2.8    Tyinkrysset.....	19
2.9    Andstor.....	21
2.10    Bøastølen.....	23
2.11    Skørsnøse .....	25
2.12    Hugostøga.....	27
2.13    Tørris.....	29
2.14    Grihammarstølen .....	31
2.15    Grøvstøl .....	33
2.16    Andstorheis med nedkøyring .....	35
2.17    Steinhaug.....	38
2.18    Skaftneverhamarn .....	40
2.19    Storemyr.....	42
2.20    Synhaug .....	44
2.21    Vesleåne .....	46



## 1. Bakgrunn og metode

### 1.1 Bakgrunn

I fylgje plan – og bygningsloven (heretter pbl) § 4-2 skal det gjerast ein særskild vurdering og beskriving av planens verknad for miljø og samfunn . Forskrift om konsekvensutgreiing § 6 a krev at kommunedelplanar etter pbl § 11-1 skal utgreiast.


Utgreienda er tilpassa planens nivå jf. Forskrift om konsekvensutgreiings § 18. Då denne planen ikkje detaljregulerer områdar, vert det fokusert på overordna verknader av ynskja arealbruksendring på natur, helse og trivels, samfunnssikring og infrastruktur. Hensikt med kommunedelplanen er å legge til rette for ei heilårs-utnytting av Tyin-krysset. Eksisterande tomter og fritidsbustader er tenkt regulert gjennom kommunedelplanen. Planprogrammet som ligg til grunn for kommunedelplanen er vedteke av kommunestyret 6.4.2017.

### 1.2 Geografisk avgrensning

Konsekvensutgreiinga tar for seg dei nye utbyggingsområdane, samt konsekvensar ved å omregulere eksisterande fritidsbustader og ubygde tomter. Kommunedelplanen inneheld 3 nye fritidsbustadsområdar, 1 nytt skitrekk samt tidlegløype. Vidare legg kommunedelplanen opp til regulering av 15 eksisterande områder som har vore regulert i tidligare reguleringsplaner. Det er områder med krav om detaljregulering og områder der modernisering og utbygging av fritidsbustader vert handtert gjennom kommunedelplanen. Det er nokre områder som vert handtert direkte gjennom kommunedelplanen men med særskilte krav. Områdane som utgreiast samlast i hensiktmessige grupper basert på geografisk plassering og formålskategori som vist i figur 1.

Områdane som vert vurdert saman er:

- |                           |                                |
|---------------------------|--------------------------------|
| 1. Opdalstølen            | 12. Hugostøgo                  |
| 2. Høgset                 | 13. Tørris                     |
| 3. Tyinvegen              | 14. Grihammarstølen            |
| 4. Kølabrune              | 15. Grøvstøl                   |
| 5. Sentrum                | 16. Andstorheis med nedkøyring |
| 6. Fløgstrandsfjorden sør | 17. Steinhaug                  |
| 7. Fløgstandsentrøya      | 18. Skaftneverhamarn           |
| 8. Tyinkrysset            | 19. Storemyr                   |
| 9. Andstor                | 20. Synhaug                    |
| 10. Bøastølen             | 21. Vesleåne                   |
| 11. Skørsnøse             |                                |



**Figur 1 Geografisk avgrensing av områder med namn**

#### Infrastruktur

Det er ingen bedrifter underlagd storulykkeforskrifta innanfor plan-avgrensinga. E16 følgjar daltbotn gjennom planområdet før i tunnel ved planen vestre avgrensing. FV53 Tyin-Årdal og FV296 tek av frå E16 før tunnelinnslag, og går gjennom planområdet mot hhv. nord og sør.

Innanfor utviklingsområde finns det 31 reguleringsplaner vedteken tilbake til 1975. Desse har regulert store deler av dei rundt 800 fritidsbustadene innanfor utviklingsområde. Mange av desse planane er no føreslegen oppheva for å legge til rette for fortetting og modernisering av området, samt for å sikre at planer som ikkje er utvikla forhold seg til ny kunnskap og krav.

#### Tilbod

Det er etablert busshaldeplass i vestre del av sentrumsområde. Sentrumsområde inneheld butikk og parkeringsareal til eksisterande skiheis. Forslaget legg opp til nytt heistilbod, sentrumsområde med høve for ulik næring samt områder for uteleie/varme senger og områder for fritidsbustader.



### 1.2.1 Metode

Konsekvensutgreiinga tek utgangspunkt i DSBs rettleiar for *Samfunssikkerhet i kommunens arealplanlegging*, og vert vurdert på grunnlag av tema avdekkja av Asplan Viaks ROS-analyse og overordna konsekvensvurdering av arealbruksendringane i Vang kommunes Kommunedelplan for Tyinkrysset. Dei ulike tema vert vurdert med ei kort omtale av området og konsekvensane ei mulig utbygging gir. Disse er delt inn i fire kategoriar som vist i tabell under.


Kategori	Tema
Natur	1. Naturmangfald 2. Naturressursar 3. Landskap og grønstruktur 4. Kulturminne og miljø 5. Andre miljøkonsekvensar
Helse og trivsel	6. Forureining og støy 7. Friluftsliv og rekreasjon inkl. barn og unges bruk
Samfunnssikring	8. Flaum og ras
Infrastruktur	9. Teknisk infrastruktur 10. Sosial infrastruktur 11. Transportbehov 12. Næringsutvikling og sysselsetting

Datagrunnlaget for konsekvensutgreiinga er basert på Asplan Viak si vurdering av Tyinkrysset frå 2015, *NGIs skredfarevurdering av Tyinkrysset* frå 2012 (Dok.nr. 20110966-00-2-R), tilgjengelig kartdata (mellan anna temadata, AR5, FKB-bygg og vann), kulturminnekart, Miljødirektoratets naturbase og EcoSigns utbyggingsrapport av *Tyin-Filefjell masterplan med oppdateringer* av 2016.

## 1.2.2 Null-alternativet

Alternativ til kommunedelplanen er eksisterende kommunedelplan (planID: 0545K004) vedteke 3. november 2005. Denne legg opp til utvikling i same område som planforslaget, men er ikkje i tråd med destinasjonsplan utarbeida av Ecosign. Vang kommune har vedteke at destinasjonsplanen skal ligge til grunn for utvikling i området.

Null-alternativet legg til rette for utvikling innanfor området i same størrelses orden som planforslag. Figur 2 syner utdrag av eksisterende kommunedelplan for området. Denne syner liknande arealbruk som planforslag, men er vedteken etter eldre lov. Det er og komne ny kunnskap om skredfare og vassvegar som er innarbeida i planforslag, samt kartlegging av kulturminner.



**Figur 2 Eksisterande kommunedelplan for Tyinkrysset (vedteke 2005)**

Null-alternativet vil soleis føre til liknande utvikling i området, men planforslaget legg opp til meir heilskapleg og kunnskapsbasert utvikling. Konsekvensutgreiinga vil samstundes legge noverande  
nytte av områder til grunn for konsekvensar.



### 1.2.3 Samla vurdering

Planforslaget har som mål å gje høve for modernisering av eksisterande fritidsbustader og reguleringsplaner, samstundes som det vert lagt inn nye utviklingsområder i tråd med overordna utviklingsplan kjent som «destinasjonsplanen». De nye utviklingsområdene er «10. Bøastølen», «17. Steinhaug» og «21. Vesleåne». Resterande områder er bygd, regulert eller både. Eksisterande regulerte områder er av ulik karakter og tidsperiode. Det er difor tenleg å sjå desse i ein større samanheng, og for å skape ein heilskapleg tilnærming til «destinasjonsplanen», vert følgjande føreslegen oppheva:

- 0545R025 – Tyinkrysset Høgseth (rev. 16/10-98)
- 0545R024 – Tyinkrysset (vedteke 11/1-84)
- 0545R039 – Andstor Tyinkrysset (rev 10-3-04)
- 0545R086 – Tyinkrysset fjellstue (rev. 9/3-15)
- 0545R054 – Synhaug (rev. 22/4-08)
- 0545R055 – Skørsnøse (rev. 10/6-07)
- 0545R087 – Ingrids hyttegrend (rev. 15/11-11)
- 0545B007 – UH1 og UH2 i Andstor (vedteke 28/11-05)
- 0545B008 – UH3 i Andstor (vedteke 29/1-08)

Eksisterande bygg vert regulert gjennom planforslaget. Føresegn skal vere moderate, men tillate modernisering. Det kan vere naturlig med rekkefylgje føresegn Samstundes vert områder som er regulert men som ikkje er utvikla, vidareført med krav om ny detaljregulering. Dette sikrar at nyaste kunnskap vert lagt til grunn ved utvikling.

Konsekvensutgreiinga syner at skredfare, konflikt med kulturminner og støysoner må avklarast for regulering av nokre eksisterande bygg. Vidare syner konsekvensutgreiinga at naturomsyn, landskapsomsyn, skredfare og infrastruktur må avklarast ved detaljregulering av områder. Store deler av utviklingsområdane er i nærleik av infrastruktur og eksisterande utviklingsområder, noko som avgrensar negative konsekvensar i større grad. Dei større utviklingsområden som tidligare ikkje har vore regulert krev store infrastrukturløft og gjev store natur- og landskapskonsekvensar. Det er difor føreslegen krav om felles planlegging av desse områdane.

Det er registrert kulturminner og –områder innanfor området. To større områder er føreslegen bandlagt i planområdet, medan enkeltfunn er lagt inn med omsynssone. Eventuell endring av desse må avklarast ved detaljregulering. Eksisterande bygg eller byggetomter som er i konflikt med kulturminner må avklarast før desse kan byggas ut eller moderniserast.



## 2. Vurdering av dei nye utbyggingsområda

### 2.1 Opdalstølen

Dagens formål:	LNF, LNF sone 3 (stølsområde), framtidig bustadområde, erverv og offentleg verksemd		
Foreslege formål:	Regulering av eksisterande fritidsbustader og næring		
Eksist. bygg:			
Camping/utleie: 7 Bustad: 1 + 1 annekts Fritidsbustadar: 22 + 22 annekts Seter: 5 + 5 hus for dyr Kombinert: - Skiheis: - Skinedfart: -			
	Området ligg nord for Begna. Topografien er stigende gjennom området, med flat myr nedst mot elva. Området inneholder stølsområdet med kulturlandskap og beitemark/dyrkamark. Det er fritidsbustader innanfor området. Området er ikke råka av utviklingsområder, men eksisterande bygg regulert gjennom planen.		
Vurdering av miljø	Omtale	Konsekvens	
1 Naturmangfold	Det er ikke registrert arter av forvaltningsinteresse innanfor området.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke opp til utviklingsområder.	
2 Naturressursar	Området er registrert med fulldyrka jordar, innmarksbeite, skog og open fastmark.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder innanfor området.	
3 Landskap og grønstruktur	Området er preget av skog og myr. Området ligg nord for E16 og Begna, og inneholder ingen markante landskapselement.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder innanfor området.	
4 Kulturminne og –miljø	Området inneholder eldre stølslandskap og skogbeltar. Det er registrert bergkunst og kulturminner i området. Eksisterande tomter er i konflikt med sikringssone rundt kulturminne.	Negativ konsekvens: modernisering av bygg kan endre opplevinga av kulturlandskapet. Kulturminner er regulert etter eget loverk med omsynsssonar, noko føresegna må sikre vert fylgt opp.	



5	Andre miljøkonsekvensar	Ingen andre kjente miljøkonsekvensar.	-
<b>Vurdering av helse og trivsel</b>			
6	Forureining og støy	Gul støysone mot E16 i sør. gul støysone mot FV53 i nord.	Nøytral konsekvens: Støysoner råker ikkje fritidsbustader.
7	Friluftsliv og rekreasjon inkl. barn og unges bruk	Planen legg til rette for skiløype gjennom området.	Positiv konsekvens: betre tilbod i området.
<b>Vurdering av samfunnssikring</b>			
8	Flom og ras	Det er registrert områder med skredfare innafor området.	Negativ konsekvens: kartlagt skredfare i tråd med føreslegten regulering, forutan bygg sør i området. Her er kartlagt skredfare ikkje i tråd med bruk, noko som må avklarast ved søknad om tiltak eller endra bruk.
<b>Vurdering av infrastruktur</b>			
9	Teknisk infrastruktur (kapasitet på veg og VA, kollektivdekning, gang og sykkel)	Eksisterande veganlegg innanfor området. Nytt vassverk aukar kapasitet på VA i området. Gangavstand til E16, FV53 og butikk m.m.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til vidare utvikling utover eksisterande tomter innanfor området.
10	Sosial infrastruktur (kapasitet skule, barnehage, helse og sosial)	Skule ligg 25 km unna. Barnehage ligg 24 km unna. God kapasitet. Helse og sosial-tjenester ligg 24 km unna. God kapasitet.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til utviklingsområder.
11	Transportbehov	Planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder.	-
12	Næringsutvikling og sysselsetting	Planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder.	-
<b>Konklusjon:</b>			
Kommunedel-planen legg ikkje opp til utvikling utover eksisterande innanfor området. Samstundes vert det lagt til rette for modernisering av eksisterande bustader og fritidsbustader, noko som kan verke inn på kulturlandskapet i området. Utgreiingar syner skredfare innanfor området. Eksisterande bygg er i tråd med kartlagt skredfare og krav forutan eit bygg sør i området. Det bør vurderast rekkekylgjeføresegn og krav til utgreiing og dokumentering av at krav er møtt før eventuell endra bruk eller modernisering.			
Planforslaget legg til rette for at eigaren av eksisterande fritidsbustader kan modernisere bygg. Dette gjev ei positiv verknad. For å avgrense negativ konsekvens på kulturmiljø må føresegn sikre at modernisering ikkje bryt med kulturlandskapet.			



## 2.2 Høgset

Dagens formål:	Næring, fritidsbustad, bustad, LNF		
Foreslede formål:	Bustader, fritids-bustader og kombinert		
Eksist. bygg:	Næring: 1 vandreheim og 1 camping/utleiehytte Bustadar: 3 Fritidsbustader: 11 + 9 annekts		
<p>Området ligg langs FV53, nord for tunelllinnslag E16. Området ligg i hellande terren og er karakterisert av skog. Internveg går fra E16 gjennom området til FV53. Det er fritidsbustader, bustader og tidligare leirskule innanfor planområdet regulert gjennom plan vedteke i 1999. Planforslag legg opp til kombinert fritids-/bustads føremål for eksisterende bustadtomter og fritidsføremål for areal tidligare brukt til leirskule/næring. Kombinert føremål og eksisterende fritidsbuster er tenkt handtert gjennom planforslaget.</p>			
		Omtale	Konsekvens
Vurdering av miljø			
1	Naturmangfold	Det er registrert arter av stor nasjonal forvaltningsinteresse nord i området.	Nøytral konsekvens: Eksisterende tomter vert videreført. Veger og infrastruktur videreførast. Ingen nye utviklingsområder i konflikt med registrerte arter.
2	Naturressursar	Området er registrert med uproduktiv skog og open fastmark.	Negativ konsekvens: eksisterande tomter vert videreført. Eksisterende område regulert som næringsareal vert omregulert til område for fritidsbustader.
3	Landskap og grønstruktur	Området er prega av skog.	Nøytral konsekvens: eksisterende tomter vert videreført i planen. Området allereie regulert.
4	Kulturminne og –miljø	Det er registrerte kulturminner innanfor området.	Nøytral konsekvens: det vert ikke lagt inn nye områder for utbygging i planen.



5	Andre miljøkonsekvensar	Ingen andre kjende miljøkonsekvensar.	-
Vurdering av helse og trivsel			
6	Forureining og støy	Området er råka av gul støysone frå FV53.	Nøytral konsekvens: bygg for varig opphold ligg utanfor støyområde.
7	Friluftsliv og rekreasjon inkl. barn og unges bruk	Planen legg til rette for skiløype gjennom området.	Positiv konsekvens: betre tilbod i området.
Vurdering av samfunnssikring			
8	Flom og ras	Det er registrert områder med skredfare innafor området.	Negativ konsekvens: kartlagt skredfare i tråd med føreslegen regulering, forutan bygg aust og nord i området. Her er kartlagt skredfare ikkje i tråd med bruk, noko som må avklarast ved søknad om tiltak eller endra bruk.
Vurdering av infrastruktur			
9	Teknisk infrastruktur (kapasitet på veg og VA, kollektivdekning, gang og sykkel)	Eksisterande veganlegg innanfor området. Nytt vassverk aukar kapasitet på VA i området.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til vidare utvikling utover eksisterande tomter innanfor området.
10	Sosial infrastruktur (kapasitet skule, barnehage, helse og sosial)	Skule ligg 25 km unna. Barnehage ligg 24 km unna. God kapasitet. Helse og sosialtenester ligg 24 km unna. God kapasitet.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til vidare utvikling utover eksisterande tomter innanfor området.
11	Transportbehov	Planforslaget legg opp til nye fritidsbustader innanfor området. Gangavstand til E16, FV53 og butikk m.m.	Positiv konsekvens: ein kan forvente at fritidsbustader gjev anna transportbehov enn bustader.
12	Næringsutvikling og sysselsetting	Planforslaget legg ikkje opp til vidare utvikling utover eksisterande innanfor området.	-
Konklusjon:			
Planforslaget legg opp til at område regulert til herberge/bevertning i eksisterande reguleringsplan vert vidareført som område for fritidsbustader. Det er plankrav på dette området, og tiltak innanfor området skal vurderast gjennom ein slik planprosess. I denne prosessen må omsyn til naturmagnfald og kulturminner avklarast.			
Planforslaget legg til rette for at eigar av eksisterande fritidsbustader får nye føresegn dei kan nytte for sine bygg. Dette gjev ei positiv verknad for eksisterande bygg. For å avgrense negativ konsekvens på kulturmiljø må føresegn sikre at modernisering ikkje bryt med kulturlandskapet.			
Utgreiingar syner skredfare innanfor området. Eksisterande bygg er i tråd med kartlagt skredfare og krav forutan eit bygg aust og nord i området. Det bør vurderast rekkefylgjeføresegn og krav til utgreiing og dokumentering av at krav er møtt før eventuell endra bruk eller modernisering.			



### 2.3 Tyinvegen

Dagens formål:	-		
Foreslede formål:	LNF, eksisterande fritidsbustader og kombinert fritid-/bustad		
Eksist. bygg:	Næring: 1 vandreheim + 1 camping /utleiehytte Bustadar: 3 Fritidsbustader: 11 + 9 anneks		
<p>Området ligg langs FV296 og FV53 i austvendt, skogdekt helling. Eksisterande fritidsbustader ligg i belte langs FV53, og det er lite internveger i området. Fritidsbustadene er hovudsakelig av eldre dato og har ikke vore regulert gjennom detaljregulering. Elva Bjørðøla renn gjennom området. Planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder, men eksisterende bustad vert føreslegen regulert til kombinert fritidsbustad/bustad og det vert gjeve høve for modernisering av eksisterande fritidsbustader.</p>			
		Omtale	Konsekvens
Vurdering av miljø			
1	Naturmangfold	Det er registrert arter av stor nasjonal forvaltningsinteresse nord i området.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder.
2	Naturressursar	Området er registrert med skog og open jorddekt fastmark. Det er registrert beiteområder for reinsdyr vest i området.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder.
3	Landskap og grønstruktur	Området er austvendt og under skoggrensa. Det er lite infrastruktur utanfor FV296 og FV53, men stiar til overliggende områder går gjennom området.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder.



4	Kulturminne og –miljø	Det er registrert kulturminner innanfor området.	Negativ konsekvens: planforslaget legg opp til modernisering av eksisterande fritidsbustader innanfor området. Føresegn må sikre at kulturminner ikkje vert rørt.
5	Andre miljøkonsekvensar	Ingen kjente.	-
Vurdering av helse og trivsel			
6	Forureining og støy	Fritidsbustader er råka av gul støysone frå FV296 og FV53.	Negativ konsekvens: nye tiltak på eksisterande tomter må ta omsyn til kartlagt støysone.
7	Friluftsliv og rekreasjon inkl. barn og unges bruk	Det går stiar gjennom planområdet.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder.
Vurdering av samfunnssikring			
8	Flom og ras	Det er registrert områder med skredfare innafor området.	Negativ konsekvens: kartlagt skredfare i tråd med føreslegen regulering, forutan bygg langs Bjørðøla og nord i området. Her er kartlagt skredfare ikkje i tråd med bruk, noko som må avklarast ved søknad om tiltak eller endra bruk.
Vurdering av infrastruktur			
9	Teknisk infrastruktur (kapasitet på veg og VA, kollektivdekning, gang og sykkel)	FV53 og FV296 går gjennom området. Det er få intern-veger. Det er ikkje kommunalt VA-nett i området.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg opp til at det kan føres frem kommunalt VA-nett til området. Planen legg ikkje opp til nye utviklingsområder.
10	Sosial infrastruktur (kapasitet skule, barnehage, helse og sosial)	Skule ligg 25 km unna. Barnehage ligg 24 km unna. God kapasitet. Helse og sosial-tjenester ligg 24 km unna. God kapasitet.	Nøytral konsekvens: ikkje relevant.
11	Transportbehov	Planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder.	-
12	Næringsutvikling og sysselsetting	Planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder.	-
Konklusjon:			
Planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder, men det er gjeve høve for å modernisere eksisterande tiltak. Bustad i området vert føreslegen regulert til kombinert fritids-/bustad føremål.			
Planforslaget legg til rette for at eigar av eksisterande fritidsbustader får nye føresegn dei kan nytte for sine bygg. Dette gjev ei positiv verknad for eksisterande bygg. For å avgrense negativ konsekvens på kulturmiljø må føresegn sikre at modernisering ikkje bryt med kulturlandskapet.			
Utgreiingar syner skredfare innanfor området. Eksisterande bygg er i tråd med kartlagt skredfare og krav forutan eit bygg i eit belte langs Bjørðøla og nord i området. Det bør vurderast rekkefylgje føresegn og krav til utgreiing og dokumentering av at krav er møtt før eventuell endra bruk eller modernisering.			



## 2.4 Kølabrunne

Dagens formål:	Vegbane, LNF, Fritidsbustad	
Foreslege formål:	Vidareføring av reguleringsplan, eksisterande fritidsbustader	
Eksist. bygg	Fritidsbustader: 8 + 6 annexs	

Området ligg langs E16 mellom Bjørordøla og Begna. Det ligg eksisterande fritidsbustader innanfor området av eldre dato. Store deler av området er dekket av reguleringsplan for E16 som er tenkt vidareført. Planforslag legg ikke opp til nye utviklingsområder.

		Omtale	Konsekvens
Vurdering av miljø			
1	Naturmangfold	Det er ikke registrert arter av forvaltningsinteresse i området.	-
2	Naturressursar	Området er registrert med skog, open jorddekt fastmark og noko myr.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke opp til utviklingsområder. Eksisterende tiltak vert vidareført og regulert gjennom planforslag.
3	Landskap og grønstruktur	Skog og myr ligg nord i området, og strekk seg opp mot eksisterande fritidsbustader og E16.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke opp til utvikling av nye områder.
4	Kulturminne og –miljø	Det er ikke registrert kulturminner innanfor området.	-
5	Andre miljøkonsekvensar	Ingen kjente.	-
Vurdering av helse og trivsel			
6	Forureining og støy	Området er råka av gul støysone frå E16. Nokre eksisterande bygg ligg innanfor gul støysone.	Negativ konsekvens: planforslaget legg ikke opp til utviklingsområder, men eksisterande fritidsbustader er føreslegen regulert gjennom planforslag. Føresegn må sikre at dette vert fylgt opp ved modernisering.
7	Friluftsliv og rekreasjon inkl. barn og unges bruk	Ingen kjente.	-



Vurdering av samfunnssikring			
8	Flom og ras	Det er registrert områder med skredfare innanfor området.	Negativ konsekvens: kartlagt skredfare i tråd med føreslegent regulering, forutan delar av tomt aust i området. Her er kartlagt skredfare ikkje i tråd med arealføremål, noko som må avklarast ved søknad om tiltak på tomta.
Vurdering av infrastruktur			
9	Teknisk infrastruktur (kapasitet på veg og VA, kollektivdekning, gang og sykkel)	Det er avkjøring frå E16 og internvegar til eksisterande fritidsbustader i område. Kommunalt VA-nett ligg nært område.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til utviklingsområder.
10	Sosial infrastruktur (kapasitet skule, barnehage, helse og sosial)	Skule ligg 25 km unna. Barnehage ligg 24 km unna. God kapasitet. Helse og sosialtenester ligg 24 km unna. God kapasitet.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til utvida bruk av området.
11	Transportbehov	Det vert ikkje lagt opp til nye utviklingsområdar.	-
12	Næringsutvikling og sysselsetting	Det vert ikkje lagt opp til nye utviklingsområdar.	-
Konklusjon:			
Planforslaget legg til rette for at eigar av eksisterande fritidsbustader får nye føresegns dei kan nytte for sine bygg. Dette gjev ei positiv verknad for eksisterande bygg. Føresegns må sikre at krav til støysone og skredfare er møtt ved modernisering.			
Utgreiingar syner skredfare innanfor området. Eksisterande bygg er i tråd med kartlagt skredfare og krav forutan delar av tomt aust i området. Det bør vurderast rekkefylgjeføresegns og krav til utgreiing og dokumentering av at krav er møtt før eventuell tiltak.			



## 2.5 Sentrum

Dagens formål:	Fritidsbustad, bustad, næring, kombinert kontor/industri, parkering, off. friareal		
Foreslede formål:	Sentrumsføremål, fritidsbustad, bustad, komb. Fritids-/bustad, parkering.		
Eksist. bygg		Bustader: 8 + 4 garasjar/anneks Fritidsbustader: 18 + 10 anneks Næring: 1 seter, 1 bustads brakke, vassforsyningshus, 3 butikkar, 1 ekspedisjons-bygg, 4 camping- / utleigehytte, 2 restaurantbygg.	
Området ligg mellom E16 og elva Begna, og er karakterisert av bustader, fritidsbustader, parkeringsareal og butikkar. Området er tilkomst for eksisterende hyttefelt «Andstor» og skitrekk «Tørrisheisen». Det er i seinare tid etablert halde- og snuplass for buss vest i område ved avkjøring E16 og FV296. Tyinkrysset fjellstue ligg vest i område. Statens vegvesen har midlertidige anleggsbrakker i område.			
Planforslag legg opp til at området blir nytta til sentrumsområde med kombinerte arealføremål. Det er krav om detaljregulering. Eksisterande bustader blir føreslegen regulert til kombinert fritids-/bustadsføremål, og eksisterande fritidsbustader blir videreført. Kombinert- og fritidsføremål blir føreslegen regulert gjennom planforslag.			
		Omtale	Konsekvens
Vurdering av miljø			
1	Naturmangfold	Det er ikke registrert arter av forvaltningsinteresse i området.	-
2	Naturressursar	Området er registrert med skog, open jorddekt fastmark, konstruert open mark og myr	Negativ konsekvens: tap av skog og myr vil gje lokal negativ effekt.
3	Landskap og grønstruktur	Området ligg på flatt terreng med skog som hovedelement. Elva Begna renn langs området i sør.	Negativ konsekvens: området er påverka av bygg, internveger og parkering. Det er samstundes offentlege grøntareal innanfor området. Sentrumsføremål legg til rette for grøntareal, og det vert lagt til grunn at dette blir vurdert for å avgrense negative konsekvensar.
4	Kulturminne og –miljø	Det er registrert kulturminner innanfor planområdet.	Negativ konsekvens: Kulturminner ligg innanfor området føreslegen regulert til utviklingsområde. Det er krav om detaljregulering. Detaljregulering må avklare høve til kulturminner.
5	Andre miljøkons.	Ingen kjente	-



Vurdering av helse og trivsel			
6	Forureining og støy	Deler av området langs E16 er råka av gul støysone. Eksisterande bygg ligg innanfor området.	Negativ konsekvens: eksisterande fritidsbustader er føreslege regulert gjennom planforslag. Føresegn må ta høgde for støyvurdering ved modernisering av tiltak innanfor området.
7	Friluftsliv og rekreasjon inkl. barn og unges bruk	Område inneholder offentlig friareal og eksisterande skiløyper	Negativ konsekvens: planforslaget legg opp til utviklingsområder. Føreslege føremål innebefatter også friareal, og det vert lagt til grunn at detaljregulering avklarer og vidarefører områder for rekreasjon og friluftsliv.
Vurdering av samfunnssikring			
8	Flom og ras	Det er registrert områder med skredfare innanfor området.	Negativ konsekvens: kartlagt skredfare kan være i konflikt med føreslegens regulering. Områdene er avgrensa, og det vert lagt til grunn at detaljregulering avklarer dette. Nokre eksisterande tomter er råka av skredfare, og desse må utgreiaast før det vert gjeve løye til tiltak i områder med skredfare. Konsekvens vert avgrensa av at ingen eksisterande bygg er råka av skredfare.
Vurdering av infrastruktur			
9	Teknisk infrastruktur (kapasitet på veg og VA, kollektivdekning, gang og sykkel)	Området har internveger og kommunalt VA-nett. Det er busshaldeplass og interne gangveger innanfor området.	Positiv konsekvens: planforslaget legg opp til etablering av sentrumsområde med naturlig gangområder og kollektivtilkomst. Kommunalt VA-nett er allereie etablert i området.
10	Sosial infrastruktur (kapasitet skule, barnehage, helse og sosial)	Skule ligg 25 km unna. Barnehage ligg 24 km unna. God kapasitet. Helse og sosialtenester ligg 24 km unna. God kapasitet.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg opp til at eksisterende bustader får kombinert fritids-/bustads-føremål. Føreslegens regulering legg opp til vidareutvikling av området, og auka bruk kan sette større krav til sosial infrastruktur.
11	Transportbehov	Planforslaget legg opp til nye utviklingsområder og vidareføring av eksisterande bygg.	Negativ konsekvens: nye fritidsbustader og bustader kan føre til auka transportbehov. Dette vert avgrensa av kort avstand til kollektivtilbod.
12	Næringsutvikling og sysselsetting	Planforslaget legg opp til nye utviklingsområder med mellom anna næringsføremål	Positiv konsekvens: området er føreslegen utvikla som sentrums-føremål for å vidareføre eksisterande bruk.
Konklusjon:			

Planforslaget legg opp til at området skal nytties som framtidig sentrumsområde. Eksisterande fritidsbustader vert regulert gjennom planforslaget, og eksisterande bustader vert føreslegen omregulert til kombinert fritids-/bustadføremål. Dette gjev betre fleksibilitet for vidare utvikling av området.

Utgreiingar syner skredfare innanfor området. Eksisterande bygg er i tråd med kartlagt skredfare og krav forutan delar av nokre tomtar. Det bør vurderast rekkefylgjeføresegn og krav til utgreiing og dokumentering av at krav er møtt før eventuell tiltak vert tillat der tomta er råka av skredfare.

Nye utviklingsområder krev detaljregulering. Denne må ta omsyn til kulturminner, skredfare, naturressursar og eksisterande friluftsområde og løpenett.

## 2.6 Fløgstrøndsfjorden sør

Dagens formål:	LNFR og veggrunn	
Foreslege formål:	LNFR og fritidsbustader	
Eksist. bygg	Fritid: 10 + 5 annexs	

Området ligg på sørsida av E16 og Fløgstrøndfjorden. Området ligg i nordvendt helling, og inneheld eksisterande fritidsbustader av eldre dato med tilkomstveger til desse. Det er kommunalt VA-nett området.

		Omtale	Konsekvens
Vurdering av miljø			
1	Naturmangfold	Det er ikke registrert arter av forvaltningsinteresse i området.	-
2	Naturressursar	Området er registrert med skog, open konstruert mark og open jorddekt fastmark	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder.
3	Landskap og grønstruktur	Området er karakterisert av skog og verknad frå E16. Det renn to mindre elver gjennom området.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder.
4	Kulturminne og –miljø	Det er ikke registrert kulturminner innanfor området.	-
5	Andre miljøkonsekvensar	Ingen kjente.	-
Vurdering av helse og trivsel			
6	Forureining og støy	Området er råka av gul og raud støysone frå E16. Dei fleste fritidsbustadane ligg innanfor støysone.	Negativ konsekvens: eksisterande fritidsbustader er føreslege regulert gjennom planforslag. Føresegn må ta høgde for støyvurdering ved modernisering av tiltak innanfor området.



7	Friluftsliv og rekreasjon inkl. barn og unges bruk	Det er ikke registrert løype- eller stinnett innanfor området.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke inn utviklingsområder.
<b>Vurdering av samfunnssikring</b>			
8	Flom og ras	Det er registrert områder med skredfare innafor området.	Negativ konsekvens: kartlagt skredfare er i tråd med føreslegen regulering, forutan bygg vest i området. Her er kartlagt skredfare ikke i tråd med bygg, Nokre tomtar er råka av skredfare, og bruk av skredråka areal må avklarast ved søknad om tiltak på denne delen av tomta.
<b>Vurdering av infrastruktur</b>			
9	Teknisk infrastruktur (kapasitet på veg og VA, kollektivdekning, gang og sykkel)	Området har internveger til eksisterande fritidsbustader.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke inn utviklingområder.
10	Sosial infrastruktur (kapasitet skule, barnehage, helse og sosial)	Skule ligg 25 km unna. Barnehage ligg 24 km unna. God kapasitet. Helse og sosialtenester ligg 24 km unna. God kapasitet.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke inn utviklingsområder.
11	Transportbehov	Planforslaget legg opp til fritidsbustader innanfor området.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke inn utviklingsområder.
12	Næringsutvikling og sysselsetting	Planforslaget legg ikke inn nye utviklingsområder.	-
<b>Konklusjon:</b>			
Planforslaget legg til rette for at eksisterande bygg innanfor området vert regulert gjennom overordna plan. Dette gjev tilhøve for modernisering og utvikling av det som allereie finns.			
Utgreiingar syner skredfare innanfor området. Eksisterande bygg er i tråd med kartlagt skredfare og krav forutan eit bygg vest i området og delar av nokre tomtar. Det bør vurderast rekkefylgje-føresegn og krav til utgreiing og dokumentering av at krav er møtt før eventuell tiltak vert tillat der tomta er råka av skredfare, og for modernisering eller endra bruk av bygg råka av skredfare.			
Ny kunnskap visar at fritidsbustader er råka av støysoner frå E16. Føresegn må sikre at krav til støysoner er møtt ved modernisering			

## 2.7 Flogstrøndfjorden nord

<b>Dagens formål:</b>	LNFR, eks. reguleringsplan	<p>7. Flogstrøndfjorden Nord</p>
<b>Foreslege formål:</b>	LNFR, eksisterande fritidsbustader, eks. reg.plan	
<b>Eksist. bygg</b>	Fritid: 3 + 2 annekts	

Området ligg på ei flate mellom E16 og Begna, og inneholder eksisterande fritidsbustader og internveg. Planforslaget legg ikke opp til utviklingsområder, men modernisering av eksisterande bygg.

		Omtale	Konsekvens
Vurdering av miljø			
1	Naturmangfold	Det er ikke registrert arter av forvaltningsinteresse i området.	-
2	Naturressursar	Området er registrert med skog og open myr	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke opp til utviklingsområder.
3	Landskap og grønstruktur	Området er prega av skog og myrlendt terregn.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder.
4	Kulturminne og –miljø	Kongevegen går gjennom området. Det er ikke registrert kulturminner innanfor området.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder.
5	Andre miljøkonsekvensar	Ingen kjente.	-
Vurdering av helse og trivsel			
6	Forureining og støy	Eksisterande fritidsbustader er råka av gul støysone frå E16	Negativ konsekvens: planforslaget er føreslege å regulere eksisterande fritidsbustader. Føresegn må ta høgde for støysone.
7	Friluftsliv og rekreasjon inkl. barn og unges bruk	Kongevegen går gjennom området.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder.
Vurdering av samfunnssikring			



8	Flom og ras	Området er råka av skredfare i nord.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til utvikling i den delen av området, og eksisterande tiltak er ikkje råka av skredsone.
<b>Vurdering av infrastruktur</b>			
9	Teknisk infrastruktur (kapasitet på veg og VA, kollektivdekning, gang og sykkel)	Kort avstand til kommunalt VA-nett. Eksisterande tilkomst.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder.
10	Sosial infrastruktur (kapasitet skule, barnehage, helse og sosial)	Skule ligg 25 km unna. Barnehage ligg 24 km unna. God kapasitet. Helse og sosialtenester ligg 24 km unna. God kapasitet.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder.
11	Transportbehov	Planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder	-
12	Næringsutvikling og sysselsetting	Planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder	-
<b>Konklusjon:</b>			
Planforslaget legg til rette for at eksisterande bygg innanfor området vert regulert gjennom overordna plan. Dette gjev tilhøve for modernisering og utvikling av det som allereie finns.			
Ny kunnskap visar at delar av området er råka av støysoner frå E16. Dette må ein ta høgde for ved modernisering av området.			



## 2.8 Tyinkrysset

Dagens formål:	Skianlegg, kombinert bebyggelse /anlegg, parkering, hotell/overnatting, renovasjonsanlegg	
Foreslede formål:	Kombinert bebyggelse /anleggsformål, fritidsbusta, alpint	
Eksist. bygg	1 bygg for vegføremål	

Området ligg på svakt hellande flate mellom FV296 og Begna. Området er regulert gjennom reguleringsplan for Tyinkrysset (0545R024) og Tyinkrysset fjellstue med alpint (0545R086). Desse vert føreslede oppheva då området ikkje er utvikla i tråd med reguleringsplaner og til dels er i konflikt med destinasjonsplan. Planforslaget legg opp til at området vert regulert til alpinanlegg og kombinert bebyggelse/anlegg.

		Omtale	Konsekvens
Vurdering av miljø			
1	Naturmangfold	Det er ikke registrert arter av forvaltningsinteresse i området.	-
2	Naturressursar	Området er registrert med skog og open myr.	Negativ konsekvens: området er planlagt med utbyggingsområder som kryssar Begna. Det finns eksisterande skibru over elva. Detaljregulering bør vurdere konsekvens og avbøtande tiltak.
3	Landskap og grønstruktur	Området er samanhengende skog- og myrområde.	Negativ konsekvens: områder er planlagt med utbygningsområder over Begna. Det finns eksisterande skibru over elva. Detaljregulering bør vurdere konsekvens og avbøtande tiltak.
4	Kulturminne og – miljø	Det er registrert kulturminner innanfor området.	Negativ konsekvens: områder er planlagt med utbygningsområder. Detaljregulering bør vurdere konsekvens og avbøtande tiltak.
5	Andre miljøkonsekvensar	Ingen kjente.	-
Vurdering av helse og trivsel			



6	Forureining og støy	Delar av området i vest er råka av gul støysone frå FV296.	Negativ konsekvens: Detaljregulering bør vurdere konsekvens og avbøtande tiltak. Føresegrn må sikre at modernisering av eksisterande fritidsbustad ikkje vert råka.
7	Friluftsliv og rekreasjon inkl. barn og unges bruk	Det er eksisterande turløyper i området.	Negativ konsekvens: utvikling innanfor området kan verke inn på eksisterande løyper. Detaljregulering bør vurdere konsekvens og avbøtande tiltak.
Vurdering av samfunnssikring			
8	Flom og ras	Det er registrert områder med skredfare innafor området.	Nøytral konsekvens: kartlagt skredfare i tråd med eksisterande bygg og føresleggen regulering forutan liten del i vest. Det vert lagt til grunn at detaljregulering avklarar dette området.
Vurdering av infrastruktur			
9	Teknisk infrastruktur (kapasitet veg og VA, kollektiv-dekning, gang og sykkel)	Det er kommunalt VA-nett i området. Eksisterande tilkomstvegar går gjennom området.	Positiv konsekvens: området har allereie etablert tilkomst og VA-nett.
10	Sosial infrastruktur (kapasitet skule, barnehage, helse og sosial)	Skule ligg 25 km unna. Barnehage ligg 24 km unna. God kapasitet. Helse og sosial-tjenester ligg 24 km unna. God kapasitet.	Negativ konsekvens: lang avstand til helsetenester gjer området sårbart. Sårbarhet avgrensa av at det er planlagt fritidsbustader.
11	Transportbehov	Planforslaget legg til rette for vidare utvikling.	Negativ konsekvens: nye fritidsbustad kan føre til auka transport til og frå. Konsekvens avgrensa av nærleik til kollektivhaldeplass.
12	Næringsutvikling og sysselsetting	Planforslaget legg til rette for vidare utvikling.	Positiv konsekvens: nye tiltak gjev grunnlag for næringsutvikling og sysselsetting.
Konklusjon:			
Området er regulert gjennom eksisterande reguleringsplaner som ikkje er utvikla. Det er eit bygg innanfor området. Konflikt med skitrasse i destinasjonsplan gjer at reguleringsplanen vert føreslegen oppheva. Området vert er føreslegen med utviklingområde for kombinert bebyggelse og anlegg.			
Området har infrastruktur som gjer det egra for dette føremålet, men detaljregulering av området krev avklaring av grønstruktur, kulturminner, støysone og naturressursar.			

## 2.9 Andstor

<b>Dagens formål:</b>	Eksisterande fritidsbustader, herberg og bevertning, vegbane, turveg, privat veg, friluftsområde,	
<b>Foreslede formål:</b>	Fritidsbustad, kombinert, næring	
<b>Eksist. bygg</b>	Fritids: 112 + 3 anneks	

Området ligg i nordvendt, skogdekt helling sør for Begna. Området er regulert gjennom eksisterende reguleringsplan Andstor-Tyinkrysset (0545R039) og bebyggelsesplan B7-UH1 og UH2 i Andstor (0545B007). Området inneholder fritidsbustader fra ulike tidsperioder, kommunalt VA-nett, eksisterende internveger og løypenett.

Planforslaget legg opp til at eksisterende regulerings- og bebyggelsesplaner vert oppheva. Eksisterande bygg og eksisterende frådelte tomter vert regulert gjennom planforslag. Utviklingsområder og fortetting av området krev detaljregulering.

		Omtale	Konsekvens
Vurdering av miljø			
1	Naturmangfold	Det er registrert arter forvaltningsinteresse innanfor området.	Negativ konsekvens: artene er observert i områder med eksisterende bygg. Detaljregulering må vurdere konsekvens og avbøtande tiltak.
2	Naturressursar	Området er registrert med skog, open grunnlendt og jorddekt mark og open myr.	Negativ konsekvens: området inneholder utviklingsområder. Eksisterande ikkje-bygde frådelte tomter med eksisterande tilkomstveg kan byggas gjennom planforslaget. Fortetting eller vidareutvikling av områder krev detaljregulering. Detaljregulering bør vurdere konsekvens og avbøtande tiltak.



3	Landskap og grønstruktur	Området er prega av skog og myrlandskap med spredt bebyggelse. Området ligg i ein helling som saman med kringliggande områder utgjer eit avgrensa landskapsrom.	Negativ konsekvens: planforslaget legg opp til utviklingsområder. Detaljregulering bør vurdere konsekvens og avbøtande tiltak.
4	Kulturminne og – miljø	Det er registrert kulturminner innanfor området.	Negativ konsekvens: kulturminner er registrert innanfor utviklingsområde. Detaljregulering må avklare kulturminner.
5	Andre miljø-konsekvensar	Ingen andre kjente konsekvensar.	-
Vurdering av helse og trivsel			
6	Forureining og støy	Området er ikkje registrert med forureining- eller støysoner.	-
7	Friluftsliv og rekreasjon inkl. barn og unges bruk	Det er registrert turløyper i området.	Positiv konsekvens: planforslaget legg opp til utvida løpenett og turvegtrasse innanfor området.
Vurdering av samfunnssikring			
8	Flom og ras	Det er registrert områder med skredfare innafor området.	Negativ konsekvens: kartlagt skredfare kan vere i konflikt med føreslegten regulering. Områdane er avgrensa, og det vert lagt til grunn at detaljregulering avklarar dette. Eksisterande bygg og tomter er råka av skredfare, og desse må utgreiaast før det vert gjeve løyve til nye tiltak. Dette gjeld spesielt nord i område der leilighetsbygg er i konflikt med kartlagt skredfare.
Vurdering av infrastruktur			
9	Teknisk infrastruktur (kapasitet på veg og VA, kollektivdekning, gang og sykkel)	Området har kommunalt VA-nett og etablerte internveger.	Positiv konsekvens: planforslaget legg opp til utviklingsområder i tråd med teknisk infrastruktur. VA-nett har god kapasitet.
10	Sosial infrastruktur (kapasitet skule, barnehage, helse og sosial)	Skule ligg 25 km unna. Barnehage ligg 24 km unna. God kapasitet. Helse og sosial-tjenester ligg 24 km unna. God kapasitet	Negativ konsekvens: lang avstand til helsetenester gjer området sårbart. Sårbarhet avgrensa av at det er planlagt fritidsbustader.
11	Transportbehov	Planforslaget legg til rette for vidare utvikling av området med fritidsbustader.	Negativ konsekvens: fritidsbustader kan føre til auka transportbehov. Konsekvens avgrensa av nærliek til kollektivhaldeplass.
12	Næringsutvikling og sysselsetting	Planforslaget legg til rette for vidareutvikling av området.	Positiv konsekvens: nye tiltak gjev grunnlag for næringsutvikling og sysselsetting.


**Konklusjon:**

Planforslaget legg opp til vidare utvikling gjennom fortetting og modernisering av eksisterande område. Det er krav om detaljregulering før nye områder vert utvikla, men eksisterande fritidsbustader og frådelte tomter er føreslegen regulert gjennom overordna plan fram til eventuelt nye reguleringsplaner vert vedteke. Nye reguleringsplanar må avklare skredfare, kulturminner og naturmangfold.

Utgreiingar syner skredfare innanfor området. Eksisterande bygg er i tråd med kartlagt skredfare og krav forutan leilighetsbygg nord i området. Det bør vurderast rekkefylgjeføresegn og krav til utgreiing og dokumentering av at krav er møtt før eventuell tiltak vert tillat der tomta er råka av skredfare.

## 2.10 Bøastølen

<b>Dagens formål:</b>	Fritidsbustader, veg, LNFR
<b>Foreslege formål:</b>	LNFR, alpin, fritidsbustad
<b>Eksist. bygg</b>	Fritids: 4 + 5 anneks Støl: 1 + 1 landsbruksbygg for dyr



Området inneholder eksisterande stølsområde i nordvendt, skogdekt helling med eksisterande fritidsbustader og støler. Planforslaget legg opp til vidareføring av eksisterande bygg. Planforslaget legg opp til utviklingsområder for fritidsbustader.

		Omtale	Konsekvens
Vurdering av miljø			
1	Naturmangfold	Det er ikkje registrert arter av nasjonal interesse innanfor området.	-
2	Naturressursar	Området er registrert med innmarksbeite, skog og open grunnlendt og jorddekt fastmark.	Negativ konsekvens: området legg opp til utviklingsområder som rører ved naturressursar. Det er krav om detaljregulering før utvikling, og det vert lagt til grunn at desse verdiane vert vurdert der.



3	Landskap og grønstruktur	Området er prega av stølsområde og skog.	Negativ konsekvens: området legg opp til utviklingsområder som rører ved landskap og grønstrukturar. Det er krav om detaljregulering før utvikling, og det vert lagt til grunn at desse verdiane vert vurdert der.
4	Kulturminne og –miljø	Det er registrert kulturminne innanfor området.	Nøytral konsekvens: sikringssone rundt kulturminne vidareført i planforslag. Det vert lagt til grunn at kulturminner vert avklart ved detaljkartlegging.
5	Andre miljøkonsekvensar	Ingen andre kjente miljøkonskvenser.	-
Vurdering av helse og trivsel			
6	Forureining og støy	Det er ikke registrert forureining eller støyområder.	-
7	Friluftsliv og rekreasjon inkl. barn og unges bruk	Det er ikke registrert løyper eller stinettverk i området.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder.
Vurdering av samfunnssikring			
8	Flom og ras	Det er registrert områder med skredfare innafor området.	Negativ konsekvens: planforslaget legg opp til utviklingsområder. Det er krav om detaljregulering, og det vert lagt til grunn at skredfare vert avklart her. Eksisterande bygg er ikke råka av skredfaren.
Vurdering av infrastruktur			
9	Teknisk infrastruktur (kapasitet på veg og VA, kollektivdekning, gang og sykkel)	Det er ikke kommunalt VA-nett i området, men leidningar finns i nærleik. Det finns eksisterande internveger til området.	Negativ konsekvens: planforslaget legg opp til utviklingsområder. Det er ikke eksisterende VA-nett eller internveger i området. Konsekvens vert avgrensa av kort avstand til eksisterande infrastruktur.
10	Sosial infrastruktur (kapasitet skule, barnehage, helse og sosial)	Skule ligg 25 km unna. Barnehage ligg 24 km unna. God kapasitet. Helse og sosial-tjenester ligg 24 km unna. God kapasitet.	Negativ konsekvens: lang avstand til helsetenester gjer området sårbart. Sårbarhet avgrensa av at det er planlagt fritidsbustader.
11	Transportbehov	Planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder.	-
12	Næringsutvikling og sysselsetting	Planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder.	-
Konklusjon:			
Området inneholder eksisterande stølsområde med fritidsbustader. Planforslaget legg opp til vidare regulering av desse.			
Planforslaget legg opp til utviklingsområder. Det er krav om detaljregulering, og her må kulturminner, naturressursar, skredfare og landskapsomsyn avklara.			



## 2.11 Skørsnøse

Dagens formål:	Fritidsbebyggelse, jord- og skogbruk, skiløype, privat veg	
Foreslede formål:	LNFR, Fritidsbebyggelse, kombinert bebyggelse og anleggsføre mål	
Eksist. bygg	Fritids: 8 + 4 annexs	

Området ligg i austvendt helling over FV296, og inneholder eksisterende fritidsbustader og internveg regulert gjennom reguleringsplan Skørsnøse (planID 0545R055).

Planforslaget føresleg å oppheve reguleringsplan, vidareføre bygde tomter og utviklingsareal som ikke er i konflikt med kulturmiljø og skinedfart.


		Omtale	Konsekvens
Vurdering av miljø			
1	Naturmangfold	Det er ikke registrert arter av nasjonal interesse innanfor området.	-
2	Naturressursar	Området er registrert med skog, open jorddekt fastmark og open myr. Det er registrert beiteområde for reinsdyr vest i området.	Negativ konsekvens: planforslaget legg opp til utvikling innanfor området. Utviklinga er i tråd med eksisterande reguleringsplan, men tilpassa ny kunnskap.
3	Landskap og grønstruktur	Området ligg i helling opp mot skoggrense. Det er lite etablerte internveger innanfor området, og fritidsbustadene ligg spredt.	Negativ konsekvens: planforslaget legg opp til utviklingsområdet. Området er del av eit større landskapsrom som gjer at inngrep vert avgrensa for fjernverknad, men er veldig synleg frå kringliggende områder.
4	Kulturminne og – miljø	Kongevegen går sør i området. Det er registrert to store kulturområder sør i området. Det er registrert enkeltminner aust i området.	Negativ konsekvens: tiltak nær kulturminner kan endre kulturmiljø. Planforslaget legg opp til omsynssone rundt kulturminner for å avgrense verknad frå tiltak. Bygg finns allereie i



			området rundt kongevegen, noko som avgrensar konsekvens av planforslaget.
5	Andre miljøkonsekvensar	Ingen andre kjente miljøkonsekvensar.	-
Vurdering av helse og trivsel			
6	Forureining og støy	Ein liten del av området i aust er råka av gul støysone.	Nøytral konsekvens: støyområde er avgrensa og råker ikkje tomter som kan utvikles.
7	Friluftsliv og rekreasjon inkl. barn og unges bruk	Det er turstiger i området.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg opp til vidareføring av turstiger.
Vurdering av samfunnssikring			
8	Flom og ras	Det er registrert områder med skredfare innafor området.	Negativ konsekvens: planforslaget legg opp til utviklingsområder. Det er krav om detaljregulering, og det vert lagt til grunn at skredfare vert avklart her. Eksisterande bygg er ikkje råka av skredfaren, men ein tomt er råka.
Vurdering av infrastruktur			
9	Teknisk infrastruktur (kapasitet på veg og VA, kollektivdekning, gang og sykkel)	Området inneholder internvegar til eksisterande bygg. Kommunalt VA-nett finns i nærleiken av området.	Negativ konsekvens: planforslaget krev vidare utvikling av teknisk infrastruktur inn i området. Konsekvens vert avgrensa av kort veg til eksisterande infrastruktur.
10	Sosial infrastruktur (kapasitet skule, barnehage, helse og sosial)	Skule ligg 25 km unna. Barnehage ligg 24 km unna. God kapasitet. Helse og sosial-tjenester ligg 24 km unna. God kapasitet.	Negativ konsekvens: lang avstand til helsetenester gjer området sårbart. Sårbarhet avgrensa av at det er planlagt fritidsbustader.
11	Transportbehov	Planforslaget legg opp til utvikling av eksisterande fritidsbustadtomter.	Negativ konsekvens: vidareføring av ubygde tomter for fritidsbustader vil føre til auka transportbehov. Konsekvens vert avgrensa av kollektivtilbod i nærleiken.
12	Næringsutvikling og sysselsetting	Planforslaget legg opp til utvikling av eksisterande fritidsbustadtomter.	Positiv konsekvens: planforslaget legg opp til vidare utbygging innanfor området.
Konklusjon:			
Planforslaget legg opp til at eksisterande reguleringsplan vert oppheva, men at området vert vidareført som utviklingsområde. Det er krav om detaljregulering før vidare utvikling, og her må omsyn til kulturminner, landskapsinngrep og skredfare vurderast nærmere.			
Eksisterande bygg og frådelte tomter vert vidareført i overordna plan. Området er råka av skredfare og viktige kulturminner. Planforslaget legg inn omsynsoner for å avgrense verknad på kongevegen og større kulturminner. Ei bebygd tomt er delvis i konflikt med kartlagt skredfare, og tiltak på denne delen av tomta må utgreiaast særskilt ved ynskje om tiltak.			



## 2.12 Hugstøga

Dagens formål:	Fritidsbebyggelse, køyreveg, friområde på land og i vassdrag																
Foreslede formål:	Fritidsbustader, LNF																
Eksist. bygg	Fritid: 36 + 16 annexs																
<p>Området ligg i ein svakt hellande austvendt side mellom FV296 og Begna, og inneholder eksisterande fritidsbustader, internveger og løpenett. Avkjøring og tilkomstveg for overliggende område går gjennom området i sør.</p> <p>Planforslaget legg opp til at eksisterande reguleringsplan Tyinkrysset (planID 0545R024) vert oppheva og eksisterande fritidsbustader og ubygde tomter vert handtert gjennom overordna plan.</p>																	
<table border="1"><thead><tr><th></th><th>Omtale</th><th>Konsekvens</th></tr></thead><tbody><tr><td>Vurdering av miljø</td><td></td><td></td></tr><tr><td>1 Naturmangfold</td><td>Det er ikkje registrert arter av nasjonal interesse innanfor området.</td><td>-</td></tr><tr><td>2 Naturressursar</td><td>Skog, open jorddekt fastmark, open myr og elv.</td><td>Nøytral konsekvens: planforslaget legg opp til modernisering av eksisterande fritidsbustader.</td></tr><tr><td>3 Landskap og grønstruktur</td><td>Området består av skog, men eksisterande internveger og bygg gjer at skogdekke er brutt opp.</td><td>Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder.</td></tr></tbody></table>				Omtale	Konsekvens	Vurdering av miljø			1 Naturmangfold	Det er ikkje registrert arter av nasjonal interesse innanfor området.	-	2 Naturressursar	Skog, open jorddekt fastmark, open myr og elv.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg opp til modernisering av eksisterande fritidsbustader.	3 Landskap og grønstruktur	Området består av skog, men eksisterande internveger og bygg gjer at skogdekke er brutt opp.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder.
	Omtale	Konsekvens															
Vurdering av miljø																	
1 Naturmangfold	Det er ikkje registrert arter av nasjonal interesse innanfor området.	-															
2 Naturressursar	Skog, open jorddekt fastmark, open myr og elv.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg opp til modernisering av eksisterande fritidsbustader.															
3 Landskap og grønstruktur	Området består av skog, men eksisterande internveger og bygg gjer at skogdekke er brutt opp.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder.															



4	Kulturminne og –miljø	Det er registrert kulturminner innanfor området. Kongevegtraseen kryssar området på langs.	Negativ konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder innanfor området, men tilkomstveg til overliggende utviklingsområder kan krevje utbetringar av tilkomstveger gjennom området – inkludert bru over Begna.
5	Andre miljøkonsekvensar	Ingen andre kjente miljøkonsekvenser.	-
<b>Vurdering av helse og trivsel</b>			
6	Forureining og støy	Området er ikkje registrert med støy- eller forureningssoner.	-
7	Friluftsliv og rekreasjon inkl. barn og unges bruk	Området innehold sti- og løypenett.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg opp til at eksisterande sti- og løypenett vert vidareført.
<b>Vurdering av samfunnssikring</b>			
8	Flom og ras	Det er registrert områder med skredfare innafor området.	Negativ konsekvens: kartlagt skredfare er i tråd med føreslegten regulering, forutan bygg nord, midt og sør i området. Delar av tomter er og råka av skredfare. Desse må utgriast før det vert gjeve løyve til tiltak i områder med skredfare.
<b>Vurdering av infrastruktur</b>			
9	Teknisk infrastruktur (kapasitet på veg og VA, kollektivdekning, gang og sykkel)	Det er kommunalt VA-nett i området. Internveger til bygg og tilkomstveg til ovenforliggende felt er etablert.	Negativ konsekvens: planforslaget legg opp til utviklingsområder som kan krevje utbetring av eksisterande internvegar.
10	Sosial infrastruktur (kapasitet skule, barnehage, helse og sosial)	Skule ligg 25 km unna. Barnehage ligg 24 km unna. God kapasitet. Helse og sosial-tjenester ligg 24 km unna. God kapasitet.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder.
11	Transportbehov	Planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder.	-
12	Næringsutvikling og sysselsetting	Planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder, men det vert lagt til rette for modernisering av eksisterande bygg.	Nøytral konsekvens: planforslaget krev ikkje modernisering av eksisterande bygg.
<b>Konklusjon:</b>			
Planforslaget føresleg oppheving av eksisterande reguleringsplan, men vidareførar eksisterande fritidsbustader, og gjev høve for modernisering. Området har tilgang til kommunalt VA-nett og internvegar er etablert, men utviklingsområder utanfor området kan krevje utbetring av tilkomstveger.			
Området er råka av skredfare og kulturmiljø. Føresegna må ta høgde for dette ved behandling av byggesøknader.			



## 2.13 Tørris

Dagens formål:	Frittliggende småhusbebyggelse, fritidsbebyggelse, friluftsområde, felles parkering	
Foreslede formål:	Fritidsbustader, kombinert føremål	
Eksist. bygg	Fritid: 29 + 2 annekts	

Området ligg i en skogdekt nordvendt helling mellom Begna og eksisterende Tørrisheis. Området inneholder eksisterende fritidsbustader, internveger og eksisterende kommunalt VA-nett.

Området er regulert gjennom eksisterende reguleringsplaner UH3 i Andstor (0545B008), Tyinkrysset (0545R04) og Andstor Tyinkrysset (0545R039). Planforslaget føresleg å oppheve eksisterande reguleringsplaner og vidareføre eksisterande bygg gjennom overordna plan.

		Omtale	Konsekvens
Vurdering av miljø			
1	Naturmangfold	Det er ikke registrert arter av nasjonal interesse innanfor området.	-
2	Naturressursar	Området er registrert med skogdekke.	Negativ konsekvens: planforslaget legg opp til utviklingsområder. Konsekvens avgrensa av at området allereie er regulert til føremålet.
3	Landskap og grønstruktur	Området består av skog, men eksisterande internveger og bygg gjer at skogdekke er brutt opp.	Negativ konsekvens: planforslaget legg opp til utviklingsområder. Konsekvens avgrensa av at området allereie er regulert til føremålet.



4	Kulturminne og – miljø	Det er ikke registrert kulturminner i området.	-
5	Andre miljøkonsekvensar	Ingen andre kjente miljøkonsekvensar.	-
Vurdering av helse og trivsel			
6	Forureining og støy	Området er ikke registrert med støy- eller forureiningsområder.	-
7	Friluftsliv og rekreasjon inkl. barn og unges bruk	Området inneholder eksisterende løype- og stinett.	Negativ konsekvens: planforslaget legg opp til utviklingsområder. Konsekvens avgrensa av at området allereie er regulert til føremålet
Vurdering av samfunnssikring			
8	Flom og ras	Det er registrert områder med skredfare innafor området.	Negativ konsekvens: eksisterande bygg er råka av skredfare, denne er i tråd med føreslegens regulering. Eksisterande tomter er råka av skredfare som ikke er i tråd med føreslegens regulering. Føresegn må sikre at dette vert avklart ved søknad om løyve på disse områdene. Planforslaget legg opp til at eksisterende, regulerte områder vert videreført. Desse er ikke råka av skredfare.
Vurdering av infrastruktur			
9	Teknisk infrastruktur (kapasitet på veg og VA, kollektivdekning, gang og sykkel)	Det er etablert internveger og kommunalt VA-nett i området. God kapasitet.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder, men eksisterande bustader kan moderniserast og eksisterende utviklingsområder vert videreført.
10	Sosial infrastruktur (kapasitet skule, barnehage, helse og sosial)	Skule ligg 25 km unna. Barnehage ligg 24 km unna. God kapasitet. Helse og sosialtenester ligg 24 km unna. God kapasitet.	Negativ konsekvens: planforslaget legg opp til vidareutvikling av eksisterande områder. Stor avstand til helsetenester aukar sårbarheit. Konsekvens avgrensa av at det gjeld fritidsbustader og eksisterande, regulerte områder.
11	Transportbehov	Planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder.	-
12	Næringsutvikling og sysselsetting	Planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder.	-
Konklusjon:			
Området inneholder eksisterende fritidsbustader med internveger og kommunalt VA-nett. Planforslaget vidarefører desse. Skredkartlegging syner at nokre eksisterande tomter er råka av skredfare. Plankart syner skredfare, og føresegn må ta høgde for at dette må vere avklart.			
Planforslaget legg opp til utviklingsområder for å dekke fortettingspotensiale. Det er krav om detaljregulering, og denne må ta høgde for skredfare, landskapsomsyn og fortettingspotensiale.			

## 2.14 Grihammarstølen

<b>Dagens formål:</b>	Landbruk, parkering, skiløype, fritidsbebyggelse, utleige/salshytte, privat veg.	
<b>Foreslege formål:</b>	Fritidsbustader, kombinert, næring, LNFR, Skiløype	
<b>Eksist. bygg</b>	Bustad: 1 Støl: 2 Fritid: 5 + 3 anneks Næring: 1	

Området ligg i ein skogdekt helling mellom FV296 og Skørsnøse. FV296 går gjennom området. Området inneholder eksisterande fritidsbustader og ein bustad langs FV296. Det ligg ein eldre fritidsbustad utan tilkomstveg nord i området. Kongevegen går gjennom området. Det er registrert eit gravfelt i området.

Planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingområder, men eksisterande bygg vert føreslege vidareført gjennom overordna plan.

		Omtale	Konsekvens
Vurdering av miljø			
1	Naturmangfold	Det er registrert arter av nasjonal forvaltningsinteresse innanfor området.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder.
2	Naturressursar	Området er registrert med skog og open jorddekt fastmark. Det er registrert beiteområder for reinsdyr i området.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder.
3	Landskap og grønstruktur	Området er prega av skogdeke og lite infrastruktur. Forutan FV296 og eksisterande bygg, er området lite påverka. Det er stiger i området.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder, men modernisering av eksisterande bygg. Verknaden av dette vil ikkje verke inn på landskapsoppfatninga då desse ligg langs eksisterande infrastruktur (FV296).
4	Kulturminne og –miljø	Kongevegen og gravfelt er registrert sør i området.	Negativ konsekvens: planforslaget legg opp til modernisering av eksisterande fritidsbustader. Eksisterande bygg ligg innanfor omsynsgrense for kongevegen. Føresegn må sikre avgrensa verknad ved modernisering av eksisterande bygg.
5	Andre miljøkonsekvensar	Ingen andre kjente miljøkonsekvenser.	-



Vurdering av helse og trivsel			
6	Forureining og støy	Det er ikke registrert støy- eller forureiningsområder innanfor området.	-
7	Friluftsliv og rekreasjon inkl. barn og unges bruk	Det er registrert stiger innanfor området.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg opp til vidareføring av stigtilbodet.
Vurdering av samfunnssikring			
8	Flom og ras	Det er registrert områder med skredfare innafor området.	Negativ konsekvens: skredvurdering syner at området i sin heilskap er råka av skredfare. Eksisterande bygg er råka av skredfare. Fritidsbustader nord for FV296 er i tråd med krav for føreslegen regulering, men hus og fritidsbustad sør for FV296 og nord område er i konflikt med kartlagt skredfare. Føresegn må avklare skredfare før det vert gjeve løyve til modernisering.
Vurdering av infrastruktur			
9	Teknisk infrastruktur (kapasitet på veg og VA, kollektivdekning, gang og sykkel)	Området har eksisterande tilkomstveg, infrastruktur og kommunalt VA-nett. Dette gjeld ikke eksisterande fritidsbustad nord i området.	Negativ konsekvens: modernisering av fritidsbustad nord i området vil krevje utbygging av tilkomstveg og VA-tilkopling.
10	Sosial infrastruktur (kapasitet skule, barnehage, helse og sosial)	Skule ligg 25 km unna. Barnehage ligg 24 km unna. God kapasitet. Helse og sosial-tjenester ligg 24 km unna. God kapasitet.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder. Det er eksisterande bustad innanfor området. Denne er føreslegen vidareført som kombinert bustad/fritidsbustad. Dette kan krevje
11	Transportbehov	Planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder.	-
12	Næringsutvikling og sysselsetting	Planforslaget legg ikke opp til nye utviklingsområder.	-
Konklusjon:			
Planforslaget legg opp til at eksisterande fritidsbustader og bustad kan moderniserast og omreguleres. Området inneheld kongevegen og gravfelt som er viktige minner, og planføresegna må avgrense verknad ved eventuell modernisering.			
Området er råka av skredfare med definert skredklasse. Føresegna må sikre at skredfare er avklart ved endring av eksisterande bygg råka av skredfare sør for FV296 og nord i området.			



## 2.15 Grøvstøl

Dagens formål:	LNFR
Foreslege formål:	Fritidsbustader, næring og kombinert.
Eksist. bygg	Bustad: 4 + 2 anneks Fritid: 8 + 7 anneks Støl: 3 Camping/utleige: 13 Restaurant: 1

Området er ein skogkledd flat, nordvendt helling mellom Begna og bakanforliggende områder. Området inneholder eksisterande fritidsbustader, bustader, restaurant og utleigehytter. Det er etablerte tilkomstveger og kommunalt VA-nett i området.

Planforslaget legg opp til å regulere eksisterande bygg og tomter vidare i overordna plan. Det ligg ikkje inne nye utviklingsområder.

		Omtale	Konsekvens
Vurdering av miljø			
1	Naturmangfold	Det er ikkje registrert arter av særlig nasjonal interesse i området.	-
2	Naturressursar	Området er registrert med innmarksbeite, lauvskog og open jorddekt fastmark.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder.
3	Landskap og grønstruktur	Området ligg i ein nordvendt svak helling langs Begna, prega av beitemark og skogdekke. Eksisterande fritidsbustader, bustader og bygg med internveger har en stor verknad på området.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder.
4	Kulturminne og –miljø	To bygg er registrert som SEFRAK-bygg aust i området.	Nøytral konsekvens: planforslaget legg opp til å regulere eksisterande bygg innanfor området. Føresegn må ta høgde for bygg råka av SEFRAK-avgrensingar.
5	Andre miljøkonsekvensar	Ingen andre kjente miljøkonsekvensar.	-
Vurdering av helse og trivsel			
6	Forureining og støy	Området er ikkje råka av støy- eller forureiningsområder.	-
7	Friluftsliv og rekreasjon inkl. barn og unges bruk	Det går stiger gjennom området.	Nøytral konsekvens: planforslaget vidarefører eksisterande turstiger.



Vurdering av samfunnssikring			
8	Flom og ras	Det er registrert områder med skredfare innafor området.	Negativ konsekvens: eksisterande bygg er råka av skredfare. Føreslegen regulering er i tråd med skredfare, forutan bygg sør i området og nokre tomtar. Føresegn må sikre at dette vert avklart ved søknad om løyve på disse områdane.
Vurdering av infrastruktur			
9	Teknisk infrastruktur (kapasitet på veg og VA, kollektivdekning, gang og sykkel)	Internveger og VA-nett er etablert i området. Planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder.	-
10	Sosial infrastruktur (kapasitet skule, barnehage, helse og sosial)	Skule ligg 25 km unna. Barnehage ligg 24 km unna. God kapasitet. Helse og sosialtenester ligg 24 km unna. God kapasitet.	Negativ konsekvens: planforslaget legg opp til at eksisterande bustader vert vidareført med kombinert føremål. Lang avstand til sosial infrastruktur gjer det naudsynt med transport til dømes skule eller arbeid.
11	Transportbehov	Planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder.	-
12	Næringsutvikling og sysselsetting	Planforslaget legg ikkje opp til nye utviklingsområder.	-
Konklusjon:			
Planforslaget vidareførar eksisterande, uregulerte tomter og bygg gjennom overordna plan. Føresegn må ta høgde for kartlagt skredfare, jordbruksareal og kulturminner.			



## 2.16 Andstorheis med nedkøyring

Dagens formål:	LNFR, fritidsføremål	
Foreslege formål:	Idrettsanlegg, næringsområder, parkering, fritidsbebyggelse	
Eksist. bygg	-	

Området ligg frå E16 opp til snaufjellet i ein nordvendt helling. Planforslaget legg opp til etablering av ny skiheis med tilhøyrande nedkøyring, områder for næring (overnattning/utleie) og parkering. Det er også satt av eit område til serveringsstad på toppen av heisanlegget.

		Omtale	Konsekvens
Vurdering av miljø			
1	Naturmangfold	Det er ikkje registrert arter av stor forvaltningsinteresse innanfor området.	-
2	Naturressursar	Området er registrert med lauvskog, ulik open mark og myr. Det er registrert beiteområde for reinsdyr sør i området.	Negativ konsekvens: planforslaget legg opp til nye utviklingsområder. Næringsareal sør i området gjev størst negativ konsekvens. Føresegn må avgrense negativ konsekvens,
3	Landskap og	Området er preget av skog	Negativ konsekvens: planforslaget legg



